Olje og Energidepartementet
Pb 8148 Dep.
0033 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Arkiv:	Sakshandsamar:	Dato:
	3.12.2014			Kjell Johnny Kvamme	16.1.2015

Forslag til endring av lov om elsertifikater – Høyringsuttale frå Sunnfjord Energi AS

Sunnfjord Energi AS er positive til at Olje- og energidepartementet foreslår endringar i lov om elsertifikat. Verksemda har bygt ut eit kraftverk i perioden 2004-2009 som var tufta på tru om høgare inntekter som følgje av eit uttalt behov frå myndigheitene for ny fornybar energi. Vidare har vi i dag eit større prosjekt som opplever stor usikkerheit knytt til fristen for ferdigstilling i 2020. Sunnfjord Energi meiner regjeringa no tar eit godt grep for å få ei betre og meir føreseieleg lov, men at det i utkastet som er på høyring er to forhold som må rettast opp.

Om utviding av overgangsordninga

Ein utviding av overgangsordninga i § 8 (1) bokstav b er i tråd med dei forsikringar som kraftbransjen har bygt ei rekke avgjersler på. Samtidig er det uklart kvifor forslaget no er avgrensa til ei utviding til anlegg med installert effekt inntil 10 MW. Bakgrunnen for overgangsordninga tilseier at ordninga ikkje skal avgrensast til desse anlegg. Sunnfjord Energi meiner ordninga, i tråd med regjeringspartia sine tidligare forsikringar, må omfatte alle vasskraftanlegg som er etablert etter 1. januar 2004.

Innleiingsvis viser vi til at dåverande Olje- og energiminister – Einar Steensnæs (Krf) – i 2003 forsikra kraftbransjen om at ein innføring av ein marknad for elsertifikat ville komme alle dei som bygde ut kraftproduksjon til gode, jf. blant anna pressemeldinga 19. desember 2003 der han uttalte:

> *«Jeg vil understreke at de som bygger ut kraftproduksjon nå ikke skal tape på det ved en innføring av et marked for grønne sertifikater. Sertifikatberettigede anlegg for elektrisitetsproduksjon med byggestart etter 1. januar 2004 vil ha mulighet til å delta i et system for grønne sertifikater, selv om et slikt system måtte bli etablert etter dette tidspunktet.»*

Uttalen sikta til all kraftproduksjon med byggestart etter 1. januar 2004.

I samband med høyringa av lov om elsertifikat i 2010/2011 blei det uttrykt stor misnøye blant høyringsinstansane knytt til den då føreslåtte overgangsordninga. Misnøya omfatta både kravet til «byggestart» i § 8 (1) bokstav a) og b), samt terskelen på «inntil 1 MW» i

bokstav b). Ei rekke høyringsinstansar omtalte forslaget som et «løftebrot», ettersom det tidligare var uttalt at alle produksjonsanlegg skulle være omfatta.[1]

I Energi- og miljøkomiteens innstilling til Stortinget finn ein igjen denne misnøya i mindretalets innstilling, blant desse inkludert Fremskrittspartiet og Høyre.[2] Fremskrittspartiet, Høyre og Kristelig Folkeparti viste blant anna til ei tidligare innstilling frå Energi- og miljøkomiteen frå 2004, der ein samla komité uttalte følgande:

> *«Komiteen mener det er avgjørende viktig at investeringer i ny fornybar energi ikke stopper opp i påvente av et slikt marked, og komiteen legger til grunn at alle som investerer i prosjekter fra og med 1. januar 2004, og som ellers vil bli tilkjent grønt sertifikat, får det. Komiteen viser i denne sammenheng til pressemelding fra olje- og energiminister Einar Steensnæs».*[3]

Fremskrittspartiet, Høyre og Kristelig Folkeparti framheva vidare at det er viktig at staten er pålitelig og føreseieleg, og at ei rekke aktørar i kraftbransjen har gjort store investeringar og tatt betydelig økonomisk risiko under tillit til tidligare lovnader frå Regjering og Storting. Med bakgrunn i dette sette mindretalet fram følgande forslag til lovtekst:

> *«I lov om elsertifikater skal § 8 første ledd annet punktum lyde:*
>
> > *Produksjonsanlegget må:*
> > *a) ha hatt byggestart etter 1. januar 2004,*
> > *b) varig øke sin energiproduksjon med byggestart etter 1. januar 2004.»*[4]

Resultatet i lovprosessen då var at departementet i proposisjonen til elsertifikatlova og fleirtalet i Energi- og miljøkomiteen la til grunn ei grense på 1 MW utan nokon forklaring for ei slik avgrensing.[5]

Når Olje- og energidepartementets no foreslår ei endring i den omtalte overgangsordninga, er det heller ikkje gitt noko nærare forklaring for kvifor § 8 (1) bokstav b) blir føreslått utvida til å omfatte produksjonsanlegg med effekt opp til 10 MW, og ikkje omfattar anlegg som har høgare effekt.

I ei pressemelding frå Olje- og energiminister Tord Lien i samband med høyringsnotatet, uttalte statsråden at

> ***«Jeg foreslår at vannkraftverk inntil 10 MW med byggestart etter 1. januar 2004 skal få elsertifikater. Det har vært lovet mye i denne saken, men ikke levert noe. <u>Nå leverer vi et forslag som regjeringspartiene har hatt i Stortinget tidligere».</u>***

Henvisninga til regjeringspartia sine tidligare forslag i Stortinget synast å være ei henvisning til uttalane i Energi- og miljøkomiteen, slik omtalt ovanfor. Sunnfjord Energi synast derfor det er overraskande når departementet no ikkje følgjer regjeringspartia si innstilling, og likevel foreslår ei avgrensing for kva anlegg som skal være omfatta av ordninga. Dei argument som blei framheva av regjeringspartia i høyringa av elsertifikatlova i 2011 er like aktuelle i dag, og tilseier at overgangsordninga ikkje skal avgrensast til anlegg inntil 10 MW.

---

[1] Sjå blant anna høyringsuttala frå Tussa Kraft AS av 21.01.2011.
[2] Innst.379 L (2010-2011).
[3] Innst.S.nr.181 (2003-2004) s. 7.
[4] Innst.S.nr.181 (2003-2004) s. 8.
[5] Prop. 101 L (2010-2011).

Etter Sunnfjord Energi si oppfatning vil den føreslåtte utvidinga av overgangsordninga innebere ein fortsatt urimelig forskjellsbehandling av dei produksjonsanlegg som blei bygt etter 1. januar 2004 men med høgare effekt enn 10 MW. Også anlegg over 10 MW er bygt med regjeringa og Stortingets lovnader som bakgrunn.

For Sunnfjord Energi vil dette innebere at Kjøsnesfjorden Kraftverk[6] ikkje omfattast av overgangsordninga. Kraftverket har ein installert effekt på 84 MW og fikk konsesjon i 2004. Investeringsavgjerda blei tatt i 2006, etter stor usikkerhet om lønnsemda i prosjektet. Ein del av grunnlaget for den endelige avgjersla var nettopp dei lovnader som blei gitt i forkant om høve til å delta i ordningar som støttar ny fornybar energi. At kraftverket har falt utanfor ordninga og samtidig fall i kraftprisen har ført til at selskapet (Kjøsnesfjorden Kraftverk AS) har gått med store underskot og eigarane har måtta styrka likviditeten. I tillegg til at anlegga over 10 MW ikkje får delta i ordninga, nemner vi at dei same anlegga blir negativt råka ved at elsertifikatordninga har forsterka fallet i kraftprisen.

Det er snakk om eit avgrensa tal anlegg som har ein installert effekt over 10 MW og der utbygginga blei starta mellom 1. januar 2004 og 7. september 2009[7]. Etter det vi kjenner til dreiar det seg berre om to anlegg, med ein samla årlig produksjon på 0,29 TWh. Dette i forhold til dei 2.1 TWh som no er føreslått innlemma i ordninga. Når departementets endringsforslag inneberer at ca. 240 nye anlegg omfattast av ordninga, oppfattast denne forskjellsbehandlinga som særlig urimelig.

Dei ovanfor nemnte momenta talar samla sett for at det ikkje er grunnlag for å avgrense utvidinga av overgangsordninga til vasskraftverk med installert effekt over 10 MW. Vi oppmodar derfor på det sterkaste at departementet foreslår ei ordning som er fullt ut i tråd med dei lovnadar som er gitt både av tidligare statsråd og dagens regjeringsparti, og ikkje avgrensar utvidinga til ein delvis korreksjon av dette.

Om sluttdato for når anlegg kvalifiserer for rett til elsertifikat

Sunnfjord Energi har konsesjonssøkt Jølstra Kraftverk i Jølster og Førde kommunar. Kraftverket er planlagt med ein normalproduksjon på 176 GWh ny fornybar energi. Prosjektet ligg til slutthandsaming i NVE og vi forventar ei innstilling til departement innan hausten 2015. Kraftverket vil ha ei byggetid på 2,5 år. Med gjeldande framdriftsplan er det stor usikkerheit knytt til å nå fristen for elsertifikat i 2020. Konsekvensen av gjeldande regelverk kan bli at gode prosjekt ikkje blir realisert då risikoen er for stor når utbyggar skal ta investeringsavgjer.

Vi meiner primært at norske myndigheiter bør innføre same reglar som i Sverige utan frist for ferdigstilling, men med avkorting til den sertifikattida som er att fram til 2035.

Subsidiært støttar vi departementets forslag til forskyving av fristen med eit år til 2021.

Med helsing
SUNNFJORD ENERGI AS

Fredrik H. Behrens
Adm. Direktør

---

[6] Kjøsnesfjorden Kraftverk AS er eit eige aksjeselskap eigd 78.5% av Sunnfjord Energi.
[7] Etter Sunnfjord Energi AS' kunnskap dreiar det seg om eit produksjonsanlegg i tillegg til Kjøsnesfjorden Kraftverk.